


## Årsmelding 2012

2012 var det sjuande driftsåret til Aardalens Venner.

### Medlemmar



Siste året hadde laget 62 medlemmar. Som figuren viser har medlemstalet stabilisert seg rundt 60. Talet på firmamedlemskap har derimot avteke med åra – i 2012 var det ingen slike medlemskap.

Stor takk til kvar enkelt som er med og støttar laget sitt arbeid!

### Styret i Aardalens Venner 2012

Styret på fem personar har vore uendra sidan 2009; av desse har fire vore i styret sidan oppstarten i 2006:

- Jan Hammersvik, leiar
- Kaare Aardal, nestleiar
- Terje Hovden, kasserar og skrivar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Atle Nøstdal, styremedlem

Styret har i 2012 hatt tre styremøter.

### Aktivitetar / tiltak

Aktivitetar og tiltak som laget greier å gjennomføre, vil i stor grad vere bestemt av økonomien i laget. Spesielt gjeld dette reparasjonsarbeid der vi er avhengige av innleigd hjelp.

I 2012 har Aardalens Venner motteke kr 50000,- i tilskot til vøling av våningshuset frå Statens Landbruksforvaltning. I tillegg har skjøtselsavtalen som Aardalens Venner har inngått med Fylkesmannen, sikrar oss kr 5460,-.

Det vil truleg bli litt endringar i skjøtselsavtala neste år (utviding). Avtala har som føremål å få tilbake den vegetasjonen som var på teigane i Årdalen tidlegare. Einstapen har gjennom mange år fått altfor gode vekstvilkår, og hindrar naturleg vekst av den type gras og markblomar som var i enga tidlegare.



Slåtten blir gjort med ljå og kantklipparar. Graset blir tørka på marka slik at frø kan falle av og bli ført tilbake til enga. Einstapen vil forsvinne etter kvart. Det tørka graset blir fjerna frå slåtteeareala.

### Vøling av våningshuset

Med litt midlar «på bok» og sterke lovnader frå Fylkeskommunen om meir SMIL-midlar, fekk vi i siste året sett inn nye vindauge i våningshuset. Bordkledninga er skifta på nedste og inste vegg, og også ytste vegg er kledd nesten heilt opp.



Også i år har det vore problematisk å få tak i snikkarar. Takka vere iherdig innsats frå Jan fekk vi leige Magnar Osmundsvåg og ein person frå Dragebygg, slik at dei to fyrste veggane kunne gjerast ferdige. Seinare har også Kenneth Vederhus vore innleigd, slik at ytste gavlveggen no er nesten ferdig (avbrote pga. frost). Kenneth Vederhus har også sett inn vindauge.

Vi bestemte oss for at når arbeidet vart oppstarta, skulle det gjerast skikkeleg. Derfor er vi takknemlege

for at vi vi har fått brukt snikkarar som har lagt vekt på godt og fint arbeid.



### Økonomi

Etter 2012 hadde Aardalens Venner kr 41 034,39 på konto. Seinare har det gått ut litt arbeidspengar etc., slik at beholdning like før årsmøtet er knapt kr 20 000,-.

I løpet av 2013 er det viktig å få gjort ferdig også øvste vegg av våningshuset (mot tunet). Deretter står kårhuset og naustet for tur.

### Friluftsgudsteneste

Søndag 26. august var det for femte året på rad gudsteneste i Årdalen.



Som vanleg var det sokneprest Kari som hadde gudstenesta, medan Jon Inge Sigerland sto for tonefylgje.

### Nasjonale kulturlandskap

Det var i 2009 at området Hoddevik - Liset vart utpeika som eitt av 20 viktige kulturlandskap i Norge. Både Årdalen og Rydjajorda ligg innanfor dette området. Om dette området skriv departementa fylgjande:

«Gardane Årdal, Skårbø og Liset utgjer kvar for seg heilskaplege kulturlandskap i skiljet mellom hav og fjell. Områda er rike på tekniske strukturar, tufter og gamle bygningar. Ein finn også artsrike slåtte- og beitemarker».

Dette gjer at arbeidet med bygningar og teigar i Årdalen blir ekstra meningsfylt.

### Slektstreff i Årdalen

Om lag 90 etterkommarar etter Knut Aardal (f. 1866 i Årdalen) var 1. – 2. september samla til slektstreff etter initiativ frå familien Kaare Aardal.

Mange kontakter vart knytte på nytt, og fleire treff kan komme etter kvart som Årdalen på nytt framstår i «sin fordoms prakt».

Både Jan og Per Arne var til stades på treffet for å fortelje om arbeidet som blir utført. Det var også arrangert tur til Selje kloster, der Jan var guide.

### Naustet på Rydjajorda

Etter at orkanbygene hadde lagt seg i romjula 2011, viste det seg at naustet på Rydjajorda hadde fått skade.



Naustet var forsikra. Naturskadefondet har førebels redusert erstatninga, noko det er klaga på. Det tek tid å få svar.

### Vegen vidare

Arbeidet vidare blir både skjøtsel av slåtteteigane og ikkje minst arbeid med å setje bygningane i slik stand at forfallet blir stoppa. Alle gode krefter er velkomne i vennelaget.

### Heimesida

Til slutt minner vi om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne.

Selje, 20. februar 2013

For styret i  
Aardalens Venner

Jan Hammersvik  
leiar